



# NOREGS HØGSTERETT

Den 3. mai 2018 vart det av Høgsteretts ankeutval samansett av dommarane Bårdsen, Bergh og Høgetveit Berg i

**HR-2018-828-U, (sak nr. 18-057287SIV-HRET),**

A (advokat Anna Therese Flatmo)

mot

B  
AIG Europe Limited (advokat Rune Tveit)

sagt slik

## O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld spørsmål om inhabilitet for alle dommarane ved Agder lagmannsrett.
- (2) A har reist habilitetsspørsmål i prosesskriv til lagmannsretten 13. mars 2018. Førstelagmannen i Agder lagmannsrett har med heimel i domstollova § 117 andre ledd tredje punktum lagt fram for Høgsteretts ankeutval spørsmålet om alle dommarane i Agder lagmannsrett er inhabile til å handsame As anke over Tønsberg tingretts dom 23. oktober 2017 mot B og AIG Europe Limited.
- (3) Førstelagmann Dag Bugge Nordén har ved oversendinga av saka opplyst:  
**"Undertegnede har så vidt nær sosial omgang med dommer Kolloen at jeg uten å stille på spissen om jeg er formelt inhabil, ikke ville delta i en sak hvor det blir et tema om han har opptrådt klanderverdig."**
- (4) Knut Kolloen er tingrettsdommar ved Nedre Telemark tingrett, og ga forklaring som vitne i saka under hovudforhandlinga i Tønsberg tingrett. Det er opplyst at B og AIG Europe Limited vil føre Kolloen som vitne også for lagmannsretten.
- (5) A har i hovudsak gjort gjeldande at det eksisterer ei uoversiktleg samanblanding av personlege relasjonar mellom dei aktuelle aktørane og vitna i saka, og at dette må føre til at alle dommarane i Agder lagmannsrett er inhabile. Det er vist til at B er advokat, og at han har eit kollegialt forhold til dommarane i lagmannsretten. Det er vidare vist til at Agder lagmannsrett har oppheva ein tingrettsorskurd i ei tidlegare sak der A var part og advokat B var As prosessfullmektig. Det er også vist til at tingrettsdommar Kolloen har eit kollegialt forhold til dommarane i lagmannsretten.

- (6) *B og AIG Europe Limited* har gjort gjeldande at det ikkje ligg føre særlege omstende som er eigna til å svekke tilliten til habiliteten til dommarane i Agder lagmannsrett.
- (7) *Høgsteretts ankeutval* har full kompetanse.
- (8) Det omstendet at nokon av dommarane i lagmannsretten tidlegare kan ha handsama ei anna sak, med A som part og advokat B som As prosessfullmektig, kan etter sikker rett ikkje føre til inhabilitet, jf. mellom anna Rt-2009-1350 avsnitt 27.
- (9) Vanlege profesjonelle forhold fører i utgangspunktet ikkje til inhabilitet, jf. Rt-1989-194. Det er ikkje peikt på konkrete omstende ut over at advokat B har vore fast forsvarar ved Agder lagmannsrett. Dette kan ikkje i seg sjølv føre til at alle dommarane ved embetet er inhabile i saka.
- (10) A påstår at det eksisterer ei uoversiktleg samanblanding av personlege relasjonar mellom dommarane og aktuelle og moglege vitne i saken. Dette er ikkje konkretisert og kan ikkje føre til at alle dommarane i Agder lagmannsrett er inhabile.
- (11) Det er ikkje påstått særskilt at førstelagmannen er inhabil. Ankeutvalet legg til grunn, i tråd med det som er opplyst, at førstelagmann Nordén ikkje vil delta i saka. Det ligg ikkje føre nokon generell heimel for avleidd inhabilitet for embetsdommarar ved kollegiale domstolar. Det omstendet at førstelagmann Nordén eventuelt skulle vera inhabil, inneber ikkje at dei andre dommarane ved Agder lagmannsrett er inhabile. Det er då ikkje nødvendig å ta stilling til om førstelagmannen er inhabil.

## S L U T N I N G :

Dommarane ved Agder lagmannsrett vik ikkje sete i saka.

Espen Bergh  
(sign.)

Arnfinn Bårdsen  
(sign.)

Borgar Høgetveit Berg  
(sign.)

Rett utskrift: